

Saksframlegg

Kvinnherad kommune

Saksmappe

2026/2331-3

Saksbehandlar

Anbjørn Høivik

Saksgang		
Saksnr	Utval	Møtedato
	Kommunestyret	

Grunnlag for strategiplan – plan og byggesak

Innstilling frå kommunedirektøren:

1. Kommunestyret vedtek mandat for arbeidet med strategiplan for plan- og byggesak i Kvinnherad kommune, slik det går fram av saksutgreiinga.
2. Kostnadsramme for arbeidet er inntil kr 250 000, i tråd med føringar i vedtak 19.03.2026. Dette skal innarbeidast i driftsbudsjettet ved budsjettrevisjon.
3. Framdriftsplan for arbeidet skal ta sikte på politisk handsaming av ferdig strategiplan innan utgangen av 2026.

Vedlegg:

1 Saksprotokoll Strategiplan for Plan og Byggesak

Samandrag/Saka gjeld:

Kommunestyret har vedteke at det skal utarbeidast ein strategiplan for plan- og byggesaksarbeidet, for å gi ei tydeleg retning og leggja til rette for meir målretta og kunnskapsbaserte tenester. Kommunedirektøren vart beden om å leggja fram sak med endeleg mandat, kostnadsramme og framdriftsplan for kommunestyret innan april 2026.

Kommunedirektøren rår til at strategiplanen skal byggja på kommunestyrevedtaket frå 19. mars, kommuneplanen sin samfunnsdel, funn frå forvaltningsrevisjonen i 2023-2024 og føringar frå kommunedirektøren om igangsette gebyrvurderingar, og skal munna ut i ein konkret handlingsplan med målbare resultat. Arbeidet skal gjennomførast av eksternt fagmiljø, og omfatta både organisering, kvalitet, effektivitet, gebyrinnretting og service. Strategiplanen vert avgrensa til publikumsretta plan- og byggesaksbehandling, og skal gi ei samla utviklingsretning for dei neste 6–8 åra. Kommunedirektøren vurderer at framlagt mandat, framdriftsplan og kostnadsramme på inntil 250 000 kroner gir eit godt grunnlag for å lysa oppdraget ut på anbod.

Saksutgreiing:

Kommunestyret gjorde 19.03.2026 vedtak om at kommunedirektøren skal leggja fram ei sak som grunnlag for å utarbeida ein strategiplan for plan- og byggesaksarbeidet i kommunen. Strategiplanen skal gi ei tydeleg retning for vidare utvikling av fagområdet og leggja til rette for ei kontinuerleg, målretta og kunnskapsbasert forbetring av tenestene.

Kommunestyret har peika på at arbeidet skal kunna gjennomførast i samarbeid med eksternt fagmiljø, ha høg grad av brukarmedverknad og munna ut i ein strategiplan som dannar grunnlag for ein konkret handlingsplan med målbare mål og resultatindikatorar.

I tråd med vedtaket vert det med dette lagt fram forslag til endeleg mandat, kostnadsramme og framdriftsplan for arbeidet.

Det er teke utgangspunkt i:

- Kommunestyrevedtaket 19.03.2026
- Samfunnsdelen til kommuneplanen
- Gjennomført forvaltningsrevisjon plan og byggesak i 2023-2024
- Kommunedirektøren sitt oppdragsbrev til Sektor Samfunnsutvikling 2026

Kommuneplanen sin samfunnsdel – *Kvinnherad 2050* – legg klare føringar for kommunen si rolle som planmyndigheit og tenesteytar. Følgjande overordna mål er særleg relevante for plan- og byggjesaksområdet og bør liggja til grunn for strategiplanen:

- **Kvinnherad som kommune skal gjere alt som er mogleg for å oppnå ny folketalsvekst** – med føreseielege, effektive og kompetente plan- og byggjesakstenester som bidreg til bustadutvikling, næringsutvikling og levande lokalsamfunn.
- **Kvinnherad skal ha gode rammevilkår for eit allsidig og aktivt næringsliv** – der plan- og byggjesaksbehandling legg til rette for verdiskaping og utvikling innanfor berekraftige rammer.
- **Kvinnherad kommune gjev gode tenester i alle fasar av livet** – med vekt på kvalitet, likebehandling, god kommunikasjon og rettleiing.
- **Kvinnherad kommune skal vera ein attraktiv arbeidsgjevar** – med gode fagmiljø, tydeleg leiing og kontinuerleg kompetanseutvikling.
- **Kvinnherad som kommune og samfunn tek vare på naturen og har ei berekraftig utvikling** – der planlegging og byggjesaksbehandling bidreg til klimaomstilling, naturvern og langsiktig arealforvaltning.
- **Kvinnherad skal vera ein netto nullutsleppskommune innan 2040** – som skal speglast i planprosessar, krav, prioriteringar og rettleiing innan bygg og arealbruk.

Strategiplanen for plan og byggesak kan vera eit verkemiddel for å operasjonalisera desse måla innanfor kommunen sitt plan- og byggjesaksarbeid.

Det vart i 2023-2024 gjennomført forvaltningsrevisjon av plan- og byggesaksbehandlinga i Kvinnherad kommune. I revisjonsrapporten vart det sett fokus på organisering, internkontroll, system, rutinar, kapasitet, etterleving og kompetanse. Rapporten ga råd om oppfølging som kommunestyret tok til følgje og gjorde vedtak om i møte 23.05.2024. Dette er følgt opp av administrasjonen og det er rapportert attende til kontrollutvalet om gjennomføring av tiltak. Det er naturleg at rapporten og annan dokumentasjon frå revisjonen blir tilgjengeleg for ekstern leverandør som no skal gi råd om vidare strategiar.

Kommunedirektøren har i oppdragsbrev til Sektor Samfunnsutvikling bedt om at arbeidet med justering av gebyrregulativet vert intensivert. Det skal gjerast kartlegging av Kvinnherad kommune sitt gebyrnivå og gebyrinnretting opp mot andre kommunar samt vurdering av kostnadsutvikling opp mot inntektsutvikling. Dette skal m.a. munne ut i forslag til endra innretning av gebyrregulativet for å stimulere til auka aktivitet. Dette momentet bør også takast med når ekstern leverandør skal analysere og gi framlegg til strategiar for sjølvkostområda plan og byggesak.

Avgrensingar

Kommunestyrevedtaket fokuserer på *utvikling av plan- og byggjesaksarbeidet*. Arbeidet er organisert i sektor Samfunnsutvikling, Avdeling byggesak og geodata. Kommunedirektør føreslår i første omgang å avgrensa strategiplanen til dei deler av avdelinga sitt arbeid som gjeld behandling av bygge-/delingssøknadar og private forslag til reguleringsplanar. Denne delen av saksbehandlinga og planlegginga er direkte publikumsretta og involverer i stor grad kontakt med søkararar og forslagsstillarar.

Forslag til mandat for strategiplanarbeidet

Strategiplanen skal gi ei samla og tydeleg retning for utvikling av plan- og byggesaksbehandlinga i Kvinnherad kommune dei komande 6–8 åra. Planen skal styrkja kvalitet, effektivitet, rettstryggleik, service og samhandling internt og eksternt. Gebyrnivå og gebyrinnretting skal vere med i vurderingane.

Innhald

Strategiplanen skal:

1. Skildra status og hovudutfordringar innan plan- og byggjesaksarbeidet i Kvinnherad kommune (organisering, kompetanse, kapasitet, system, saksflyt og omdøme).
2. Fastsetja strategiske mål og prioriteringar i tråd med kommuneplanen sin samfunnsdel.
3. Peika ut sentrale utviklingstiltak og strategiske grep.
4. Gje ein **handlingsplan med målbare målsetjingar og resultatindikatorar**.
5. Gje framlegg til ei **serviceerklæring** for plan- og byggjesaksavdelinga, med særleg vekt på:
 - o kommunikasjon og rettleiing
 - o saksflyt og framdrift
 - o føreseielegheit og kvalitet i sakshandsaming
6. Byggja på brei medverknad gjennom dialog, intervju og involvering av:
 - o tilsette og leiarar
 - o tillitsvalde og verneombod
 - o politiske utval
 - o eksterne brukarar, næringsliv og profesjonelle aktørar

Organisering

Arbeidet skal leiast av kommunedirektøren. Det skal nyttast eksternt fagmiljø til prosjektleiing, prosess, analyse, metodikk og utforming av tilhøyrande dokument.

Framdriftsplan

Tidsrom	Aktivitet
Mai 2026	Etablering av prosjekt og kontrahering av eksternt fagmiljø
Mai-sept. 2026	Kartlegging, datainnhenting og dokumentanalyse. Dialog, intervju og medverknadsprosessar
Sept.-okt. 2026	Analyse, målformulering og strategiske val. Utarbeiding av utkast til strategiplan.
Nov. 2026	Intern forankring og kvalitetssikring
Des. 2026	Politisk handsaming av ferdig strategiplan

Oppdraget blir lyst ut i marknaden etter ordinære innkjøpsreglar. Det vil vere tenleg å invitere tre – fem firma til å gi tilbod, men andre utlysingsformer kan vurderast. Sentrale dokument i tilbodsgrunnlaget skal vere denne saksutgreiinga med vedtak og tidlegare kommunestyresak nr. 2026/19.

Leveranse:

Dette skal vere med i leveransen etter gjennomført prosess:

- Framlegg til strategiplan med analyse og handlingsplan med målformuleringar, strategiske val og resultatindikatorar
- Framlegg til serviceerklæring

Økonomisk berekraft:

Kommunestyret har sett ei øvre kostnadsramme for arbeidet på kr 250 000. Ramma skal nyttast til ekstern fagleg bistand. Internt arbeid kjem i tillegg, men bør mest mogleg avgrensast til saksførebuing og administrasjon av oppdraget samt deltaking i intervju og ev. andre aktivitetar som følgje av prosessen. Kostnadsramma må innarbeidast i driftsbudsjettet ved budsjettrevisjon.

Miljø og klima berekraft:

Lite/ikkje relevant i denne saka.

Sosial berekraft:

Arbeidet med ein strategiplan for plan og byggjesak skal styrka kommunen si evne til å byggja inkluderande, trygge og attraktive lokalsamfunn.

Berekraftsmål nr 17 – om samarbeid:

Strategiplanen skal bidra til føreseielege prosessar for innbyggjarar og næringsliv og styrka samarbeid mellom kommunen og utviklingsaktørar.

Konklusjon:

Kommunedirektøren vurderer at framlagt mandat, kostnadsramme og framdriftsplan gir grunnlag for å utarbeida ein strategiplan for plan- og byggesaksarbeidet i Kvinnherad kommune og at oppdraget kan lysast ut på anbod.